

Fra: Ernst Drange <drange@haugnett.no>
Sendt: mandag 29. november 2021 21:50
Til: KR-Postmottak
Emne: Uttale om kyrkjeleg organisering - Sand sokneråd, Ryfylke prosti, Stavanger bispedømme

Til kyrkjerådet

I avisa *Vårt Land* laurdag 19. november 2021 skriv leiaren i Kristiansund menighetsråd eit innlegg med overskrifta "Gjør det enklere å avvise prostifellesråd-modellen". Etter dette kan ein senda innspel direkte til kyrkjerådet, og då med tilvising til innlegg frå Kristiansund menighetsråd i VL, Hans Lauvstad.

Vi finn det lite føremålstenleg å skulle svara på alle høyrings-spørsmåla som i det vesentlege har ein prostifellesmodell som føresetnad, og ber difor om at fylgjande uttale - i to punkt - blir notert som uttale frå Sand sokneråd:

1.

Som det viktigaste innspel til høyringa om kyrkjeleg organisering vil vi med dette melda frå Sand sokn i Ryfylke prosti, Stavanger bispedømme: Vi ser føre oss at prostifellesråds-modellen vil setja i fare eit godt samarbeid mellom sokn og kommune.

Sand sokn, saman med tre andre sokn i Suldal kommune, som er geografisk identisk med Suldal kyrkjelege fellesråd sitt område, nyter god og fruktbar støtte av kommunen. Vi er redd for at den økonomi Suldal kommune gjev kyrkja etter kvart vil bli lettare å redusera om pengane skal gå til eit prosti-fellesråd som ligg langt ifrå Suldal og røyndommen her. Dette er ein ganske enkel mekanisme. Det nære er nærmare enn det fjerne. Vi meiner altså at høyringsforslaget om ein prostifellesrådsmodell som einaste modell for organisering, må bli avvist. Den vil vera til skade for lokalkyrkja her.

2.

Med omsyn til arbeidsgjevaransvaret vil vi uttala at det for alle typer tilsette vil og bør kunne ligga til bispedømmerådet.

Med helsing
Ernst Berge Drange
Soknerådsleiar